



Fedje kommune
Adm.bygg
5947 FEDJE
v/ Tove Nordseth

Saksbehandlar, innvalstelefon
Celine Lunder, 5764 3106

Tilskot til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar 2023

Statsforvaltaren i Vestland viser til søknad om tilskot til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar i Fedje kommune, datert 12. mars 2023.

Statsforvaltaren sitt vedtak

Statsforvaltaren tildeler **kr. 15 750** til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar på Fedje skule, for skuleåret 2023.

Utrekningsmåte

Det har vorte søkt om symjemidlar for ni elevar. Tilskotet blir gjeve med ein fast sats per nykomne minoritetsspråklege elev per kalenderår. I 2023 er satsen kr. 1750.

Kor og når tilskotet blir utbetalt

Tilskotet blir utbetalt med det første, til kontonummer 3490 05 20400.

Formål og føresetnader

Mange nykomne minoritetsspråklege elevar har ikkje gjennomført symjeopplæring. Denne gruppa er òg overrepresentert i ulykker på grunn av manglande symjeferdigheiter. Målet er å redusere risikoen for ulykker i samband med bading, og å setje elevane i betre stand til å nå kompetansemåla i læreplanen. I læreplanane er det eit mål at elevane skal vere symjedyktige etter 4. årssteg.

Kommunane vel sjølv korleis dei vil organisere og gjennomføre opplæringa. Symjeopplæringa kan bli gitt i løpet av skuletida eller etter skuletid. Fleire kommunar kan òg samarbeide om å etablere eit opplæringstilbod, eller dei kan samarbeide med frivillige organisasjonar.

Tilskotet skal i sin heilskap nyttast til aktivitetar relatert til symjeopplæring. Ser kommunen at det er andre elevar som ikkje kan symje eller som ikkje har hatt moglegheit til å delta i symjeundervisninga, kan òg desse ta del i symjeopplæringa, men dei inngår ikkje i tildeling av midlar per elev. Hovudmålgruppa er nykomne minoritetsspråklege barn, unge og vaksne som blir omfatta av grunnskuleopplæringa. Jenter og gutar skal ha eit likeverdig tilbod.



Frist for rapportering

Frist for rapportering er sett til 1. desember 2023.

Skjema for rapportering ligg på Statsforvaltaren i Vestland si heimeside, [her](#)¹.

Kontroll og forbehold

Statsforvaltaren og riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at tilskotsmidlane blir brukte etter føresetnadene, jf. Løyvingsreglementet § 10 og lov om Riksrevisjonen § 12. Dersom føresetnadene for å få tilskot ikkje er oppfylte, kan Statsforvaltaren krevje tilbake tilskot.

Ved feil i utrekninga kan avrekning gjerast i eventuelle komande tildelingar. Tilsegn om tilskot er gjeve med forbehold om at Stortinget kan vedta endringar i statsbudsjettet for aktuelt budsjettår.

Klagerett

De kan sende klage på dette vedtaket. Dersom de vil klage, er fristen tre veker frå de har motteke vedtaket. Klagen må nemne kva for endring de ønskjer, og bør vere skriftleg og grunngeven.

De sender klagen til Statsforvaltaren i Vestland. Dersom Statsforvaltaren ikkje er samd i klagen og difor ikkje endrar vedtaket, vil vi sende klagen til Utdanningsdirektoratet som er endeleg klageinstans.

De har med nokre få unntak, rett til å sjå dokumenta i saka. Regelverket for å sjå dokumenta i saka finn de i forvaltningslova §§ 18 og 19.

Med helsing

Mats Petter Sydengen
seksjonsleiar

Celine Lunder
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

¹ <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/tilskot/2023/08/midlar-til-symjeopplaring-i-barnehage-2021/>